



Retningslinjer for tildeling av 4H Landsleir og Nordisk 4H-leir

1. Innleiing

- a. Retningslinjene er laga for å forenkle arbeidet til sentralstyret og 4H Norge når det gjeld søking og tildeling av 4H-Landsleir. Vidare gir også retningslinjene rammer for progresjon i arbeidet med å arrangere eit slikt stort arrangement, til hjelp for både arrangørfylket og 4H Norge.

2. Søkjeprosess

- a. Kretsane er som følgjer:
 - i. Nord (Finnmark, Troms, Nordland)
 - ii. Midt (Trøndelag, Oppland og Hedmark)
 - iii. Vest (Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland, Rogaland)
 - iv. Sør-aust (Akershus og Oslo, Østfold, Buskerud, Vestfold, Telemark, Agder)
- b. For å sikre at 4H-Landsleir er eit arrangement som blir arrangert jamt over heile landet, vil regionar verte prioriterte. Årsaker til dette er følgjande:
 - i. Arbeidet med å tildele og arrangere leir vert meir forutsigbart når fylka veit kva tid deira område vert prioritert, og arbeidet kan vere meir målretta.
 - ii. Regionane får betre moglegheit til å planlegge arrangementet systematisk, slik at til dømes søking av midlar til å gjennomføre arrangementet vert meir strukturert.
 - iii. Det kan bli mogeleg for fylke som ikkje har kapasitet til å arrangere leir åleine å arrangere leir, ved at ein lettare kan samarbeide i regionen.
- c. Søkjeprosessen startar våren 3 år før leiren skal haldast. Det er ope for alle fylke å søkje-. Det krevjast vedtak frå fylkets årsmøte. Søknaden vert sendt til Sentralstyret innan september same år. Søknaden bør innehalde konkrete planar for gjennomføring av leiren, samt planlagt leiområde, namn på hovudkomitéleder og forslag på dato.
- d. Sentralstyret føreslår eit rulleringshjul for prioritering til Landsstyret

3. Tildeling

- a. Dersom fylke som ikkje er ein del av den prioriterte regionen søker, vil desse fylka i utgangspunktet bli nedprioritert i tildelinga.
- b. Tildeling av leiren skal finne stad hausten to og eit halvt år før leiren skal heldast. Dette er for å sikre at arrangørfylket har god moglegheit for å finne samarbeidspartar til å gjennomføre leiren, t.d. søkje fylkeskommunen om midlar til ei prosjektstilling som kan arbeide med leiren.

4. Oppfølging

- a. Når leiren er tildelt, har fylket friheit til å planlegge og arrangere som dei ønskjer, men nokre rammer er sett for å forenkle arbeidet:
 - i. Arbeidet med å setje ned ein hovudkomité bør starte snart etter tildeling av leir.
 - ii. Avtale om leige av leirstad må vere underskriven minst eitt år før leiren skal heldast.

5. Nordisk 4H-leir

- a. I dei åra det vert arrangert Nordisk 4H-leir i Noreg, vert søking og tildeling utført på same måte som for 4H-Landsleir. Nordiske 4H-leirar som vert arrangerte i Norge må difor vere inkluderte i rulleringshjulet for prioritering.